



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 01.02.2017  
Vår ref.: 2016/35088-3  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Vinterpakken - innspel frå Hordaland

«Vinterpakken» (Clean Energy for all Europeans) representerer ei omfattande samling av ulike politiske og rettslege initiativ frå Europakommisjonen, som ledd i arbeidet under energiunionen. Forslaga er i hovudsak knytt til marknadsregelverket, EUs 2030-mål for fornybar energi og energieffektivisering, og sjølve styrings-systemet for energiunionen. Europakommisjonens framlegg til endringar omfattar også ulike meldingar, mellom anna knytt til økodesign, forskning og innovasjon, samt ein strategi om intelligente transportsystem. Endringsforslaga skal handsamast i Europarådet og Europaparlamentet.

Olje- og Energidepartementet har invitert Hordaland fylkeskommune til å kome med innspel til endringane i regelverket. For å skaffe oss oversikt over korleis dei omfattande endringane vil påverke vår region og betre kunne fremje regionen sine interesser, ønskjer vi å inkludere aktørar i fylket i vår tilbakemelding til departementet. Vi ber difor om innspel til korleis de ventar at «Vinterpakken» vil påverke dykkar verksemd og regionen generelt. Dersom de sjølv sender innspel til departementet set vi pris på ein kopi av fråsegna. Vi ber om at de sender innspel innan 8. mars 2017.

Vidaresend gjerne denne oppmodinga til andre, relevante verksemdar.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Katharine Louise Clarke  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*